


STØLSTURAR 2017


Voss Utferdslag

01. juni - 15. oktober





© Anne Gjeråker



Stølslagar med Voss Utferdslag

Voss Utferdslag vidarefører i 2017 lågterskeltilbodet « Stølslagar i Vossafjella». Voss Utferdslag foreslår her 15 flotte turmål. Me inviterer store og små til korte og litt lengre turar, der du kan gå på eiga hand eller saman med andre, men utan turleiår. Nokon kan vitjast på same tur, andre er eit godt utgangspunkt for ein lenger tur, eller har noko særlege som du burde få med deg. Dette er informasjon du finn i omtalen av det aktuelle turmålet.

Kartblad er oppgjeve for kvart turmål. Du kan også skriva ut kart over aktuelt område frå www.norgeskart.no. Søk på stølsnamn eller namn i nærleiken, zoom inn/ut til du får dekkja turområdet og skriv ut.

I perioden 1. juni til 15. oktober vil det vera postkasser med namnebøker og klyppetengeter på dei ulike turmåla. Det er tre deltakar-klassar: under 13 år, 13–18 år og vaksen. For

å vera med i trekning av premiar må du levera klyppekortet inn til Voss Utferdslag/ Turistin-formasjonen på Voss innan 1. november.

I omtalen av dei ulike stølane viser me til boka "Stølslagar i Vossafjell" av Johannes Gjeråker.

Me vil få retta ei stor takk til alle grunneigarar som stiller eigedomen sin til disposisjon for turpostkasse og til dei som har bidrege med bilete. Når du skal på tur, hugs å ta med deg deltakarkortet og klypp med tanga som ligg i turpostkassa. Hugs også å skrive namnet ditt i turboka.

Vis omsyn til naturen. Hugs fjellvettreglane, kart, bompengar, bandtvang og å late att grinder. Vis respekt for privat eigedom.

GODT TUR!

STØLAR



Hedlo 750 moh	s. 4	Potten 573 moh	s. 10
Kiseldur 690 moh	s. 5	Roksbotnen 750 moh	s. 11
Klondyke 1090 moh	s. 6	Tesdalsstølen 550 moh	s. 11
Liastølen 430 moh	s. 7	Rosethytta 675 moh	s. 12
Hommedalstjørni 620 moh	s. 7	Rosetstølen 685 moh	s. 12
Måkedalen 811 moh	s. 8	Sendedalen 924 moh	s. 13
Nedre Skorset (Mugåsstølen) 600 moh	s. 9	Veset 850 moh	s. 14
Øvre Skorset 800 moh	s. 9		



© Knut Bryn

KISELDUR

Start frå parkeringsplassen på Heggjavad ovanfor Raugstad. Frå parkeringsplassen følg skilting og sti til Kiseldur. Postkassa finn du på skiltstolpe ved stien aust for stølsgrenda. Retur same vegen. Fylgjer du stien vidare kjem du til Frukosthola og Raude Krosshytta og kan eventuelt ta ein rundtur på Hanguren/Slettafjellet.

Parkering På Heggjavad 370 moh
Betalt P-avgift på Raugstad

Høgde 690 moh

Totaltid 3 timar

Kartblad Voss 1316-III

"Stølar i Vossafjell" Side 88



© Kjersti Daag

HEDLO - HEDLÙ

Køyr E -16 vestover 5 km og ta av på Djukastein mot Dyrvedalen. Følg Dyrvedalsvegen på austsida omlag 2,5 km til Gjerstad. Rett etter gardstunet Dyrvedalsvegen 211, tek du til høgre på stølsvveg skilta mot Arhellere og Dale. I krysset etter bomkassa held du til venstre. Køyr omlag 100 m forbi stølen Arhellere til skilt "Hedlo". God og synleg sti opp til Hedlo. Postkassa heng på selet øvst i stølsgrenda.

Parkering Ved sti til Hedlo 450 moh
Hugs bompengar

Høgde 750 moh

Totaltid 2 timar

Kartblad Voss 1316-III

"Stølar i Vossafjell" Side 86

Langtur Volafjellet: 1327 moh
(umerka)



© Sverre Kvitne



KLONDYKE

Følg Strandavegen omlag 6 km frå Vangen. Ved Eensmidja køyr opp Ænsmoen og vidare til Eenstunet. Følg vegen mot Nordrevål og parker på Voss fotballgolf sin parkeringsplass. Herifrå er det skilta og merka på tydeleg sti. Det er bratt opp, men dei brattaste kneikane er sikra med tau og kjetting. Postkassa finn ein på varde ovanfor hytta på Klondyke.

NB! Tidleg i songen kan det liggje noko bratt snø under toppen. Sjekk på nettsida til Utferdslaget og Facebook når kjettingar og tau er lagt ut, og det er greitt å gå opp!

Alternativ rute er å starte ved hoppbakken i Bavallen og følgje T-merka løype mot Lønahorgi litt forbi Kvilehytta, og så gå ned til Klondyke. Vert merka med bander i som ynskjer det kan gå denne vegen ned.

Parkering	Parkering ved Eenstunet, 140 moh. Frå Bavallen ved hoppbakken 310 moh
Høgde	1090 moh
Totaltid	3 – 4 timar, kanskje meir om ein går frå Bavallen
Kartblad	Voss 1316–III
”Stølar i Vossafjell”	Lønehorgens skiferbrud var i drift på Klondyke og Klepp frå ikr. 1900 til 1927. Klepp ligg om lag 300 høgdemeter under Klondyke og her er godt synlege grunnmurar etter barakkeleiren som sto her. Der var det både kokke, kjøken og soverom til skiferarbeidarane. Etter at skiferdrifta var slutt vart huset frakta ned og sett opp att i Strandavegen 441, der det framleis står. Klepp s. 91 i Stølsboka.
Langtur	Lønahorgi 1410 moh



LIASTØLEN & HOMMEDALSTJØRNI

Køyr E16 mot Vossestrand. Etter omlag 20 km (frå Vossevangen) tek du av til venstre ved skilting mot Lund. Køyr omlag 5 km innover Holbygda til du kjem til Holbygdvegen 549. Parker på snuplassen der. Gå deretter flatt innover på grusvegen ca 400 m og ta til venstre ved ny fjøs. Følg stølsvegen over brua og vidare sørover, retning Lønahorgi, til du kjem til Liastølen. Postkassa lett synleg på stølsvegg. Frå Liastølen går du i same retning, på merka sti innover og oppover til Bårena (høgste punkt). Her flatar terrenget ut og du ser stølen Hommedalstjørni. Postkassa heng synleg på uthus. Retur same veg eller gå tilbake til Bårena og til venstre på merka sti opp på berget og ned til Fjelistølen. Frå Fjelistølen på grusveg ned att til brua der du starta.

Parkering	Holbygdvegen 549 (Hommedal) 420 moh
Høgde	430 moh/620 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Voss 1316 III / Voss 1316 IV
”Stølar i Vossafjell”	Hommedalstjørni side 105
Langtur	Tvinnestølen 1050 moh





© Siw Kari Ulvund



© Siw Kari Ulvund

MÅKEDALEN

Køyr E16 vestover frå Vossevungen. Etter omlag 15 km følgjer du skilting til Steine. Køyr gjennom tunet på Steine og vidare innover stølsveg. Det er bompeng ved fyrste bru etter Steine. I vegkryss hald til høgri i retning Lauvdalen. Det er omlag 2,5 km frå Steine til der turen startar. Det står skilt til Måkedalen der stien startar. Følg stien oppover på høgri side av elva mot Skansen, og så ned til støls huset i Måkedalen. Postkassa heng på uthuset.

Parkering	Venstre side av vegen over brua etter Fjellstølen, 490 moh
Høgde	811 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Voss 1316 III og Evanger 1216 II
«Stølar i Vossafjell»	Side 78
Langtur	Harkavatnet, rute skildra i "Opptur Hordaland" side 173



© Marianne Rieber

NEDRE SKORSET (MUGÅSSTØLEN) OG ØVRE SKORSET

Køyr til Evanger, ta til høgri i sentrum og følg Bjørgåsvegen til Elje, ta av på Horgavegen (anleggsveg) oppover til venstre. Køyr omlag 1 km. Parker på utkøyrsløse etter skarp venstresving. Det står skilt i vegkanten til Skorset.

Følg stien på venstre sida av elva oppover, det er sikra med tau på berga. Etter omlag ein halv time kjem du til Eljestølen på venstre sida av elva. Kryss elva på utlagt bru til Mugåsstølen. Postkassa heng på uthuset i midten.

Følg stien på høgri sida av elva vidare oppover, det kan vera litt myrete og blautt utover sommaren enkelte stader på denne strekka. Gå inn til Skorsetvatnet. Gamle stølsmurar på høgri sida av vatnet. Postkassa heng på dei største murane opp på ein haug.

Parkering	Der stien startar, utkøyrsløse etter skarp venstre sving, 400 moh
Høgde	600 moh/800 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Evanger 1216-II
«Stølar i Vossafjell»	Side 68
Langtur	Styveshorgi 988 moh



POTTEN

Køyr mot Granvin, ta av til Opeland (ved gamle Encon). Køyr mot Løypet, ta av til Opelandsvegen 52–58. Køyr vidare mot Mønsberget, passer ein gul rubbhall, og oppover til parkering. Følg merkeband og skilt mot Potten. Postkassa heng på oppsida av stølsgrenda.

Parkering	Mønsberget 280 moh, merka med band
Høgde	573 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Voss 1316–III

Langtur Sollikamben 800 moh


Alternative ruter Bjørke–Sledasteinen–Potten eller Hildestveit–Opelandsstølen–Potten



ROKSBOTNEN OG TESDALSTØLEN

Køyr Bordalen til Tesdal. I tunet på Tesdal er det skilta mot Roksbotten. Parker langs vegen eller i sandtak ovanfor gardstunet. Følg traktorveg herifrå til Roksbotten. Postkassa finn du på grantre rett over brua. Ned att går du på sti som startar ved det eldste selet. Her er og merka med plastband forbi Tesdalsstølen og ned att til du møter traktorvegen. På Tesdalstølen finn du postkassa på stort bjørketre nedanfor stølshusa.

Parkering	Parkering ved sandtak ovanfor Tesdal 425 moh
Høgde	750 moh/550 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Voss 1316–III
"Stølar i Vossafjell"	Side 259 og 260
Langtur	Hermannsnuten 1219 moh





©Kristi Haugsgjerd



©Simianne Jordalen

SENDEDALEN

Køyr RV 13 til Fylkesgrensa på Vikafjellet. Følg T-merka sti sørvestover langs vatna mot Torvedalen. Postkassa finn du på hytta ved Holmavatnet rett etter du har gått over brua.

Parkering	Ved Fylkesgrensa
Høgde	Omlag 900 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Myrkdalen 1316-IV
Langtur	Finnbunuten 1358 moh

ROSEHYTTA OG ROSETSTØLEN

Køyr forbi Gjernes og ta av til venstre mot Rio. På Hjelle kan du parkera i krysset ved bomveg med informasjonstavle og skilt til Torfinnsheim og Gråsida. Eller følgje bomvegen til saga og parkere der. Følg T-merka sti frå saga til Rosethytta, postkasse på uthus. Gå vidare langs T-merka sti eit par hundre meter, ta av til venstre (merka med band) bort til Rosetstølen. Postkasse lett synleg. Følg same veg tilbake, eller gå sti og skogsveg ned til Dymbe og tilbake til bilen på Hjelle. Merka med band.

Rosethytta er ei av hyttene til Voss Utferdslag, eigd av Voss IL. Den kan nyttast i sommarhalvåret etter avtale med Voss Turistinformasjon / Voss Utferdslag.

Parkering	Ved grinda på Hjelle, eventuelt køyr bomveg til Saga 400 moh
Høgde	675 moh/685 moh
Totaltid	3 timar
Kartblad	Voss 1316-III
"Stølar i Vossafjell"	Side 271
Langtur	Gråsidetoppen 1307 moh



©Reidun Ivelto 13



VESET :

Køyr eller ta toget til Mjølfjell. Ta til høgde ved militærleiren (rett før butikken) og følg T-merka sti (Ulvik) heile vegen. Gå over hengebrua, til høgde og opp lia heilt til du kjem til stølen Veset som ligg flott til ved vatnet. Postkassa er plassert lett synleg på raudt sel.

Tips! Ynskjer du ei ekstra naturoppleving, bør du gå stien vidare til enden av vatnet og opp mot Fallet. Her kan du sjå det fantastiske dalførret nedover mot Tyssedal og Espelandsdalen. Ulvik sitt svar på Grand Canyon?

Parkering	Der stien startar (ved hengebrua) 550 moh
Høgde	850 moh
Totaltid	4 timar
Kartblad	Ulvik 1316-II
"Stølar i Vossafjell"	Side 206
Langtur	Om du ynskjer ein lang dagstur, hald fram på stien til Ulvikahøgda. Denne turen er ei oppleving der ulike vegetasjon og terreng gjev deg ei komplett naturoppleving. Dette er ein krevjande tur på 14 km, der ein bør rekna ei totaltid på 6-7 timar.

Slik brukar du klyppekortet

Kvar gong du når eit av turmåla i brosjyren vil du finna ei holtang i lag med turpostkassa. Kvar turpostkassa heng er omtala i teksten. Med holtanga klypper du i kortet som skal sendast inn. Skriv deg så inn i turboka som du finn i postkassa.

Kontaktinformasjon

Leiar: Richard Jacobsen
Tlf. 959 49 155

Dagleg leiar: Toril Hunnålvatn
Tlf. 959 23 065

Voss Utferdslag
Kontor: Skulegata 14
Postadresse: Postboks 55, 5701 Voss

Meld deg inn: www.dnt.no/medlem

E-post: voss.utferdslag@turistforeningen.no
Nettstad: www.vossutferdslag.no

Følg oss gjerne på Instagram og [facebook.com/Voss Utferdslag](https://www.facebook.com/VossUtferdslag)

Innan 1. november kan du levera, eller senda, klyppekortet til Voss Utferdslag og bli med i trekninga av flotte premiar. Det vert trekt ut vinnarar klassevis.

Redaksjon

Knut Bryn, Siw Kari Ulvund, Sverre Kvitne, Astrid Såkvitne, Kristi Haugsgjerd og Inger Knapstad.



skandinavisk
HØYFJELLSUTSTYR
VOSS

sport 1
ekte sport.



© Heidi Fagerli

HEDLO 750 moh

KISELDUR 690 moh

KLONDYKE 1090 moh

LIASTØLEN 430 moh

HOMMEDALSTJØRNI 620 moh

MÅKEDALEN 811 moh

NEDRE SKORSET (MUGÅSSTØLEN) 600 moh

ØVRE SKORSET 800 moh

POTTEN 573 moh

ROKSBOTNEN 750 moh

TESDALSTØLEN 550 moh

ROSETHYTTA 675 moh

ROSETSTØLEN 685 moh

SENDEDALEN 924 moh

VESET 850 moh

Namn _____

Adresse _____

Tlf _____

Alder _____

Voss Utferdslag



LogoLink AS